


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik Nr. 1 2020



Mars 2020

Årgang 62

*Dine hender er fulle av blomar.
Kven var det du tenkte å gje dei til?
Mine blomar var plukka til Jesus.
Grava fann eg tom. Han var ikkje der.*



God påske!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter
Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeveerje:

Willemina van Manen
Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
kyrkjeveerje@ulvik.kyrkja.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Jorunn Bergo Aarvik
Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar:

Jan Arvid Gjørn, tlf. 954 69 903

Ulvik sokneråd:

Leiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23
5786 Eidfjord
Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeveerje:

Irene Viveli, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist:

Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotheit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik:

Magnar Haaland, mobil: 415 46 366

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten
Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeveerje Irene Viveli, Wilma Bergman og Kjersti Næsheim. Kyrkjeveerje Willemina van Manen, soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077
steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMERET TIL KYRKJEBLADET

3530 31 60378 – Vipps: 593359

Bladpengar	kr 200,-
Utanbygds	kr 300,-
Utanlands	kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til Kyrkjebladet

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

PRESTENS HJØRNA



Prest i Eidfjord, Johannes Pettersen.

Kva vil du at eg skal gjera for deg?

Bartimeus, eit namn frå det nye testamente. I bibelen finn vi mange fine og viktige møte mellom enkelt-menneske og Jesus. Jesus sitt møte med tiggaren Bartimeus er den historia eg kjem attende til gong på gong. Bartimeus, ein blind tiggjar som sat i vegkanten, ropa til Jesus om hjelp. Folk kjefta på han og ba han teia stille, men han gav seg ikkje. Han hadde eit håp om at Jesus kunne hjelpa han.

Historia om det som hende då Jesus møtte tiggaren Bartimeus, har me mykje å læra av. Både fordi den viser oss Jesus, men og fordi slik Jesus møtte Bartimeus, kan vi og møta kvarandre.

Jesus gjekk saman med disiplane sine i ei stor folkemengd mot byen Jeriko. Utanfor byen i vegkanten sat Bartimeus. Då han høyrde at det var mange menneske som gjekk forbi, spurde han kven det var. Han må ha høyrte om Jesus, for då han fekk vita at det var Jesus som gjekk forbi, ropte han om hjelp. Og sjølv om folk bad han teia ropa han.

Jesus stansa. Han hadde det aldri for travelt til å møta eit menneske som bad han om hjelp. Han stilte seg framfor Bartimeus og spurde: Kva vil du at eg skal gjera for deg?

Jesus viste i praksis at kjærleik er handling. Han stansa opp, gav den blinde tiggaren all si merksemd. Og så gjorde Jesus det Bartimeus bad han om. Han fekk synet at. Han fekk sjå Jesus.

BRUBYGGJAREN

Brubbyggjaren er eit nytt og felles kyrkjeblad for Ulvik og Eidfjord. Bladet skal ha innhald frå kyrkja, men vil også ha glytt frå det meste livet kan by på her i dei flotte bygdene våre. Brubbyggjaren kjem i 4 utgåver pr. år og vert send til alle husstandar i Ulvik og Eidfjord.



Å byggja bru

Hardingane har alltid halde i hop, men reisemåten har vore båt. 17. august i 2013. vart Hardangerbrua opna og gjorde kontakten mellom bygdene mindre strevsam. Sidene på Hardangerfjorden vart knytte fysisk saman.

Men bruer mellom folk kan trengast i overført tyding, og tyda å nå fram til andre på det menneskelege planet. Den nye framsida på kyrkjebladet symboliserer både noko konkret og noko abstrakt. Våre to bygder skal få betre kontakt og utvikla eit godt samarbeid. Samstundes vonar me å leggja grunnlag for kontakt mellom folket i kvar av bygdene. Det kan føra til hjelp, omtanke og samtalar om livet sine mange sider.

Erna Osland (fødd 1951) skriv om dette siste i diktet under:

Det finst bruer som er usynlege!

Like fullt er dei viktige byggverk. Dei er nemleg bygde for vennskap. Forma av klokskap og kløkt, mens materialet er tankar og ord.

Og brubbyggjarane?

Det er dei som brukar dei. For berre den som sjølv er med og byggjer, kan ta seg fram på dei viktige vennsapsbruene.

(Erna Osland)

Kyrkjebladet ynskjer alle lukke til som brubbyggjarar!

PRISAR FOR ABONNENTAR PÅ KYRKJEBLADET FOR EIDFJORD OG ULVIK

Kyrjekontoret i Ulvik - og kyrjekontoret i Eidfjord sender ut kyrkjebladet til eksterne abonnentar.

Soknerådsleiar og kyrkjeverje i Ulvik har rydda opp den eksisterande lista over utanbygds abonnentar for kyrkjebladet Granvin og Ulvik. Der er folk som me ikkje har adresse til, og folk som ikkje er meir. Eksterne abonnentar som står på lista, får no brev om dei ynskjer bladet. Betaler dei bladet, er svaret ja. Utanbygds abonnentar må betala 300. kroner, dvs. 100. kroner meir enn innbyggjarane i Eidfjord og Ulvik. Det er på grunn av dei auka portokostnadene. Frivillige bladpengar for innbyggjarar i Ulvik og Eidfjord er framleis kr. 200. Kontonummer til bladet er 3530 31 60378. De kan bruka blanketten i bladet eller Vipps:

Me takkar for at de stør opp om bladet, slik at me kan halda det gåande. Kyrkjebladet vert produsert utan eksterne midlar. Bladet har litt inntekter på annonser. Me vonar at bedrifter i Granvin og Ulvik framleis ser nytten av å tilby sine tenester, og at bedriftene i Eidfjord gjer det same.

TA KONTAKT MED DITT KYRKJEKONTOR!

Kyrjekontor Ulvik:

epost: kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Tlf 56 52 68 00

Kyrjekontor Eidfjord:

e-post: post@eidfjordkyrkje.no

Tlf 53 66 52 51



Vipps-nummer
593359

INGEN AFP FOR KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kan i 2020 gå av med AFP. Men det er ikkje planen. Etter ei tid med kunstig andedrag har bladet no fått nye bein å stå på. Granvin er vorte ein del av Voss herad. Me takkar for laget og vonar me kan ha kontakten både ved tekstar i bladet og annonser for bygdene våre.

Det er kjekt at Eidfjord er ny partner. Dei kjem som ein frisk pust inn i bladarbeidet, har gjeve oss nytt namn og ny logo. Me ser fram til eit godt samarbeid også mellom barne- og ungdomsarbeidarane i dei to kyrkjelydane våre.

I kvar kyrkjelyd er det no valt tre personar som skal driva kyrkjebladet. Du ser namna annan stad i bladet. Det er og formelt ein redaktør for bladet. Han har ansvar for å skaffa stoff og redigera det for sending til endeleg oppsetjing og trykking. Folk kan levera stoff til sine kyrkjekontor eller redaktøren direkte. Men all kritikk og juling er det redaktøren som skal ha! Steinar.bergo@ulvik.org

Eg takkar for tilliten eg er gjeven frå begge sider av brua!

Me vil vera eit blad for kyrkjene spesielt og for livet generelt, det å vera menneske. Livet ein risikosport me alle må delta i. Når det minkar på sand i timeglaset, så vert gleda over ein ny dag og verdien av ein ny soloppgang større og større. Som han svara den tilårskomne mannen då han vart spurd om kor gammal han var: «Det spelar inga rolle. Eg er i dag!»

Bjørnstjerne Bjørnson skreiv Salme II i 1876. Det var eigentleg ein salme til darwinismens pris. På denne tid meinte mange at Charles Darwin sine teoriar var i strid med Bibelen. Bjørnson pendla mellom Darwin sine teoriar og Bibelen. Når han var heime hjå faren, som var prest, fekk Bibelen taket igjen. I våre dagar ser dei fleste inga konflikt mellom Darwin og Bibelen. Desse linjene frå diktet uttrykkjer gleda over å ha fått livet, livsglede og at ein skal yta noko i verda.

I ei medietid med daglege mørke skyer og vonde bilete frå mange kantar, er det ei utfordring å bevare livsglede. Livsglede er viktig for å kunna ha krefter til å gjera noko for dei som lir på den eine eller andre måten! Ein reddar ikkje verda ved å missa motet.


Med desse orda ynskjer eg lesarane ein god dag! Grip den!

Steinar I. Bergo

– Redaktør –

NB!

På grunn av den lokale og nasjonale helsesituasjonen kan planlagde arrange-ment for små og store måtta avlysast!



Frå Salme II

Bland deg i livsfryden,
du som fikk være
blomst i dens vår,
nyte et døgn
til det eviges ære
i menneskekår,
yte din skjerv
inn til det eviges verv,
liten og svag
ånde et eneste drag
inn av den evige dag!

(B. Bjørnson.)

ER RINGEN SLUTTA?

Når Eidfjord og Ulvik sokneråd no går saman om å gje ut felles kyrkjeblad for kyrkjelydane våre, så kan det vera eit høve til å sjå litt attende på historia. Eidfjord og Ulvik har hatt mykje samkvem og samarbeid i lang tid. Me vil her sjå litt nærmare på arbeidet.

Eidfjord var eige kyrkjesokn fram til 1689. Då vart Eidfjord del av Granvin prestegjeld og fekk felles prest med Ulvik og Granvin. Då vart nemninga Graven sokn. Men Eidfjord hadde og prestegard, Lægreid, bnr. 1. Frå 1689 aneksprestegard under Graven sokn. Slik var det fram til 1858 då det vart namneskifte til Ulvik prestegjeld, og Ulvik sokn vart hovudsokn. Soknepresten hadde Ulvik prestegard som bustad frå 1689. Før den tid budde det og prest i Ulvik, men då som aneksprestegard. Soknepresten budde på Storegraven i Granvin. Eidfjord, Ulvik og Granvin hadde felles prest fram til 1968. Dei delte og distrikts-lækjar og lensmann.

Peder Christoffer Johnsen vart sokneprest i 1959. Det var han som byrja med å gje ut kyrkjeblad for Eidfjord, Ulvik og Granvin. Soknepresten var redaktør og stod for arbeidet med utgjevinga. Slik var det fram til 1968, då Eidfjord delte sokneprest med Ullensvang og vart med på utgjeving av bladet Helg i Hardanger. Utgjeving av kyrkjebladet heldt fram utan opphald, men då berre for Ulvik og Granvin. Soknepresten var heile tida ansvarleg redaktør. Dette endra seg etter at soknepresten ikkje har buplikt i soknet. Då har nokre frivillige stått for arbeidet med kyrkjebladet nokre år. Personar frå Granvin og Ulvik. Men frå år 2020 er Granvin ein del av Voss herad, og ligg under Voss sokn. Ulvik vart då ståande åleine att. For Eidfjord sin del vart det og endring då Ullensvang vart med i nye Ullensvang kommune saman med Odda og Jondal.



Tilbake til start: Møte i Eidfjord om kyrkjebladet.

Det var Ulvik sokneråd som vende seg til Eidfjord sokneråd med førespurnad om å gå saman om å gje ut felles kyrkjeblad. Ulvik er veldig glade for dette samarbeidet, og me vonar dette skal verta eit godt tiltak.

Kvart sokneråd har valt ei redaksjonsnemnd som skal hjelpe redaktøren i arbeidet. I tillegg skal begge kyrkjekontora ta noko del i arbeidet. Me vonar dette vert vel motteke både i Eidfjord og Ulvik og ser fram til eit godt samarbeid.



Knut Nes
– Leiar i Ulvik sokneråd –



Venstre: Slik såg logoen ut i kyrkjebladet sin barndom. Blad nr. 4, frå 1961. 3. årgang.

ROLF TRUSTEIN

Får eg lov å presentere meg? Eg heiter Rolf Trustein. Eg flytta inn i Eidfjord kyrkje i november 2018. Sidan då har eg vore med på så mykje kjekt. Alltid når det skjer noko får eg lov å vere med. Om det er julevandring, tårnagentar, leirar eller småbarnskafé - Manuela tek meg med.

I fjor fekk eg til og med ei rolle i julespelet på julaftan.

Vil du følge litt med kva som skjer i Eidfjord kyrkje, kan du like min Instagram eller Facebook-konto. @rolftrustin



PÅSKEFORTELJING

Jesus og venene hans reiste til Jerusalem til å feire påske i lag.



Då dei nærma seg Jerusalem, sa Jesus til venene sine at dei skulle hente eit esel. Han fortalde dei nøyaktig kor dei skal finne eselet. Og slik var det. Dei kom tilbake med eselet. Jesus reid inn i Jerusalem. Ei stor folkemengd hadde samla seg. Dei blei kjempeglade når dei såg Jesus. Dei vifta med palmegreiner. Mange la palmegreiner og kle på bakken framfor Jesus. «Hosianna! Hosianna! Velsigna vere Israels konge!» ropte dei.



Jesus og venene hans åt eit festmåltid. Det var det siste måltidet dei åt i lag. Etter middagen tok Jesus eit handkle og ein balje med vatn. Han vaska og tørka føtene til venene sine, ein etter ein. Venene til Jesus undra seg over det. Men Jesus sa: «Slik som eg har vaska føtene dykkar, slik skal de òg vaska føtene til kvarandre.» På denne måten viste han venene sine korleis dei skulle elske og tene kvarandre.



Leiarane i Jerusalem som var sinte på Jesus laga ein plan for å drepe han. Dei fekk hjelp av Judas, ein ven av Jesus, og romarane som herskar i Jerusalem.

Jesus blei dømt til døden og blei krossfesta på langfredag i lag med to forbrytarar. Jesus blei gravlagt i ei hole.

Tredje dagen etter Jesus var død, kom tre kvinner til grava. Då dei kom dit, var grava tom. Dei såg ein engel. Han sa til dei: «Ikkje ver redde. Jesus er ikkje her. Han har stått opp! Gå og fortel til alle at Jesus lever!»

Alle bileta er tekne på minikonfirmantleir i 2019. Minikonfirmantane har laga figurane.



OPPUSSING AV KYRKJEKONTORET I ULVIK

Me ser oss blinde på både det eine og det andre etter ei tid. Nye auge ser omgivnadene med eit friskt blikk.



Wilma og Joop i arbeid på kyrkjekontoret.

Wilma såg at kyrkjekontoret var mogent for oppussing. Ho ikkje berre såg det, men tok verktøyet i egne hender, og saman med mannen, Joop, gjekk dei i gang med å fornya både golv og vegger.

Klikkgolv i staden for det gamle belegget i alle rom, måling av veggjar, ny dør og ommøblering, rydding, fjerning av overflødige skåp, samtalekrok og eit fint teppe veve av Brita Vikøren har gjort rommet koselegare.

Her har gått med mykje fritid, og desse dyktige handtverkarane vil gjera arbeidet gratis. Det går rykte om at Ulvik sokneråd vil betala dei, noko som høyrest rett og rimeleg ut etter dette gode arbeidet, men dei nektar å ta imot noko!

Kyrkjebladet har bede om å få nokre bilete frå prosessen, og ein dokumentasjon av fagkunnskapen. Sjølv om kyrkjevevja har nok å gjera, og Joop til tider har det travelt, så er dei eit godt tips når du skal pussa opp heime, særleg dersom du har dårleg økonomi, slik Ulvik herad har! Ta deg ein tur og sjå, men set att skorpe utanfor døra, dersom du på grunn av dei turbulente vêr-forandringane, går med piggsko!

Kyrkjekontoret var sist på prioriteringslista. Men for å få presentert handtverkarane, tek me til med dokumentasjonen der.



Møterommet under oppussing. Møterommet er ferdig. Vakkert og hyggeleg! På veggen eit bilete vevt av Brita Vikøren.

KYRKJEBLADET OG HARDINGANE

Granvin og Ulvik har hatt eit langt samarbeid om kyrkjebladet. No høyrer soknerådet i Granvin til Voss felleskyrkjelege råd, men Ulvik og Granvin har framleis sams prest.

Då Christoffer Johnsen starta kyrkjebladet i 1958, var også Eidfjord med. No skil Granvin og Ulvik lag når det gjeld bladarbeidet, medan Eidfjord kjem tilbake som samarbeidspartnar. Bladet har hatt mange gode innspel og tekstar frå gravensarar. Hardingar har tradisjon for å halda i hop, og gode tekstar og tankar er alltid velkomne.

Under finn du eit innspel frå Sveinung Såkvitne. Han har skrive i bladet før, sist om vår felles og fargerike prest Ole Johan Amlie, men somme spør kven Sveinung Såkvitne er.

Som redaktør har eg hatt lange og interessante samtalar på telefonen med Sveinung Såkvitne. Han har eit allsidig fagleg og yrkesmessig liv å fortelja om, og stor kunnskap. Eg har fått

med meg at han har vore styrmann, butt i Canada, vore eit år på universitetet i Madrid og cand. philol.-studium i Noreg. Det siste har ført til eit om lag 30 års arbeid som lektor ved høgskulen i Bergen. Kanskje nokon la merke til at han stod på lista til Krf. ved kommunevalet i Voss herad.

Sveinung Såkvitne er no flytta heim att til Granvin der han har restaurert eit gammal hus til ein moderne bustad. Kyrkjebladet takkar for innspelet og ynskjer han velkomen attende ved eit anna høve.

Å GÅ I KYRKJA

Det er eit gammalt ordtak som seier, at det skal sterk rygg til å tola gode tider. Det ser ut til å vera sant. I fattige land tenkjer dei på Gud. I rike land er dei opptekne av rikdomen sin.


Verdsleg politikk kjem inn i kyrkjerommet. Dei som er minst interesserte i kristen lære, er dei som mest opptekne av kva kyrkja skal driva med. Når det er indre strid i kyrkja, vert det færre som vil gå der.

Men når det røyner på i livet, har mange likevel ei barnetru som kjem til overflata. Jesus var ikkje alltid samd med dei som styrte i synagogen. Likevel gjekk han der minst ein gong i veka. Då var det for å læra dei andre, og ofte for å stilla spørsmål. Kanskje me alle burde gå oftare i kyrkja likevel? Og kanskje bør kyrkjelyden ha dialogmøte, der prest, kateket og andre i kyrkjelyden kan svara på spørsmål og problem som folk har. Det finst sjølvsagt spørsmål som ingen kan svara på, men dei får me overlata til han som me trur på. Likevel kan røynde folk svara på mykje, og det er heilt sikkert at folk går og grundar på mangt. Men dei har ikkje noko forum for å lufta tankane sine når det gjeld noko som har med tru å gjera.

I bibelen står det, at dei som vil gjera Guds vilje, skal få oppleve at læra er frå Gud. (Joh. 7,17) Mange fleire burde

prøva denne lovnaden. Bibelen seier og, at Jesus kan hjelpe deg å vinna den høgste prisen, som er livet sjølv. (Joh.12,15) Men ein ber berre om hjelp dersom ein ynskjer å sigra. Å tapa kan ein klara sjølv.


Sveinung Såkvitne



Sveinung Såkvitne som ung mann og lærar ved Trondheim navigasjonsskole 1977-1979. Biletet har kyrkjebladet funne på internett.

NÅR LIVET GÅR I SVART

Livet går opp og ned for alle, og når det går på ned, er det lett å tru at ein er åleine om å ha det slik. Gode vener å snakka med vil alltid kunna hjelpa over kneiken.



Då eg var rådgjevar i skuleverket brukte eg stundom ein liten plakat som eg delte ut. Eg sa som ein lækjar stundom gjer: «Denne skal du ta (dvs. lesa) tre gonger for dagen!» Denne kan vera ei påminning til andre og ikkje minst seg sjølv når livet går imot.

For deg som er på nettet, kan du gå inn og sjå kva kriseteamet i Molde med prest Magne Furuseth som leiar, har gjort. Her er noko til hjelp, og noko å lære av for oss alle, på dårlege dagar eller når nokon du kjenner, treng hjelp.

Det er enklast å søkja på: *Når livet går i svart*. Her finn du mange linkar og tekstar som gjev informasjon og hjelp!

Om du har det vanskeleg eller kjenner nokon som har det vanskeleg, be om hjelp! Ring ein venn, snakk med familien din, gå til fastlegen eller ring Mental Helse sin hjelpetelefon: 116 123,

Røde Kors: 80033 321
eller Kirkens SOS: 22 40 00 40.

Lat oss ta vare på kvarandre!

INFORMASJON OM KONFIRMANTAR OG KONFIRMASJONANE TIL VÅREN

Konfirmantar i Eidfjord kyrkje

3. mai kl. 11.00

Simen Engseth Fjæreide

Emil Engseth Fjæreide

Anders Bergstrøm Hellevang

Asbjørn Herland

Svein Egil Johannessen

Oskar Fredheim Limstrand

Andrea Voll Låte

Ina Elisabeth Soleim

Knut Henrik Vik

Aksel Herstad Wathne

Konfirmantar i Ulvik kyrkje

3. mai kl. 11.00

Till Janssen

Hanna Sofie Osa

Ilona-Marie Batta Solheim

Heming Lunestad Syse

Madelene Grønningsæter Thorsen

Kari Tellnes Aarekol

SØNDAGSSKULEN OG BARNEARBEIDET I ULVIK GÅR SÅ DET SUSAR BÅDE PÅ KYRKJEKONTORET OG PÅ BETEL

Under leiinga av den nye barne- og ungdoms-arbeidaren og kyrkjekontoret er søndagsskulen i full gang igjen i Ulvik. Både fedrar, mødrer og andre vaksne er entusiastiske medhjelparar, slik at arbeidet er svært vellukka.

Borna møter opp i hopetal, og som du ser av bileta til Wilma van Manen, så viser borna iver og full konsentrasjon i arbeidet. Dette er ein suksesshistorie.


Våren 2020 er det planlagt søndagsskule på Betel klokka 11.00 – 12.00 desse dagane:

29. mars (**avlyst**), men førebels er det bestemt til å verta søndagsskule den 26. april.

7. juni er det familiegudsteneste.

Til foreldra: Bli gjerne med på søndagsskulen. Me serverer kaffi og legg til rette for ein god prat. Meir på Facebooksida «Ulvik kyrkje».

Har du spørsmål? Ta kontakt med Liv Marie Osa (986 20 573) eller Linda Praestiin (934 89 261)



La de små barn komme til meg, og hindre dem ikke! for Guds rike bærer sådanne til. Luk. 18, 16.



Over: Mange litt eldre kjenner nok igjen biletet frå det gamle søndagsskulekortet!

Øvst venstre: Betel er teke i bruk igjen. Det var lenge sidan der hadde vore aktivitet, så her måtte det ryddast og vaskast før ein kunne starta opp att. Arbeidet vart gjort på dugnad. Både fedrar, mødrer og beste-mødrer hjelte til. No er her «full rulle» igjen! Betel vart reingjort på dugnad. Det var jobb nummer ein.

Nedst venstre: Full aktivitet rundt bordet i kjellaren på Betel!

Nedst høgre: Her er ingen aldersgrenser korkje oppe eller nede. Går du ikkje sjølv, så får du haik!

Alle foto: Willemina van Manen.



SAMLAST I FJELLET I PÅSKEN?

Eidfjordingane er og blir eit fjellfolk og dette tar me i kyrkja på høgste alvor. Kyrkja må vere der folket er, så i påsken vil me difor invitere til ei sosial samling med innlagt friluftsgudsteneste i fjellet.

Eidfjord Aktiv har ein flott plass der dei tar i mot turistar i lavvoen sin på Vøringsfoss. Lavvoen ligg godt skjult, men like ved bilveg, så det er lett tilkomst for alle. Me har vore så heldige å få låne denne lavvoen av Mona og Hans Olav 1. påskedag. Målet er å sitje ute i sola, men om det rusker litt kan me samle oss innandørs på lune reinsdyrskinn i den store lavvoen. Me håper dette skal bli ein føre-middag som er givande og kjekk entan du er ung eller gamal. Sjølve gudstenesta blir lagt opp som familiegudsteneste. Me blander orgelbrus med fossesus og fuglane blir med på songen, så dette blir vakkert.

Me fyrer sjølvsagt opp bålpanne og innfører begrepet kyrkjepølse som eit supplement til kyrkjekaffien. Ta gjerne med litt grillmat eller pølser for å ha på grillrista om du vil. Me har med ekstra pølsepakker så alle skal uansett få mat. Ta med sitjeunderlag så benkar me oss i naturen. Me har også med nokre stolar for dei som ikkje liker å bli kalde i baken.

Påske og fjell innbyr til leik i snøen. Under kyrkjepølsekaffien drar me gang eit heidundrande akemeisterskap, der me kårer beste lag. Her er det stor prestisje å hente. Johannes har sjølvsagt med gitaren sin, så stemninga blir god. Fjell, gitar, song, bål og aking i godt selskap er ein uslåeleg kombinasjon. Bli med da vel, så lagar me ein kjempekjekk føremiddag i lag!



Har du hytte på fjellet kan du gjerne kome på ski. Ellers er det parkering på Høl. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du treng skyss, så lagar me til samkøyring.

Torgeir fekk takk og blommar frå kyrkjeverje Willemina van Manen etter å ha spela til den siste Gudstenesta i Ulvik kyrkje den 19. januar 2020.



MINIKYRKJE

Vanlegvis første torsdag i månaden (september–april) inviterer me i Eidfjord kyrkje alle barnehagebarn med familieane sine til Minikyrkje. Me byrjar med leik- og kreativ tid i kyrkja. Så er det song og bibelforteljing. Ein felles middag avrunder heile Minikyrkja.

Neste dato:

Torsdag 02.04. kl. 16.15-17.30

Torsdag 11.06. kl. 16.15 – 17.30 Sommarminikyrkje



Lars og Nils kosar seg i tunnelloypa.



Hans Gunnar, Mina Helen, Christina og Bjørn Eirik likar å leike med lego.



Lukas, Ingrid og Ella svingar seg i dans.



Alltid gøy med såpebobler.



Rolf Trustein er sjølvsagt med kvar gong .



Kristoffer, Nils, Ola og Solveig er kreative.

I EIDFJORD KYRKJE VÅREN 2020



0–2 ÅR: SMÅBARNSKAFÉ

Er du heime med barn mellom 0–2 år? Har du lyst å møte andre med småbarn? Om du er mamma, pappa, bestemor, bestefar eller dagmamma. Alle er hjarteleg velkommen. Småbarnskafé gir rom til å bli kjend med kvarandre både dei små og dei store. Det er alltid tid for ein hyggeleg prat eller utveksling av erfaringar korleis det er å vere heime med dei søte små. Musikk skaper glede spesielt hjå dei minste. Difor er ein viktig del av småbarnskaféen å syngje og danse i lag. Ein felles lunsj som kyrkja sponsar avrundar ei hyggeleg stund i kyrkjebarnehage.

Dato: onsdagar kl. 10.30–12.30 i kyrkjebarnehage



6.–8. KLASSE: NATURKULTUR

Naturkul blir det i år òg. Kyrkjecamp står for tur. Dette blir litt annleis enn de er vane med, men kjekt, opplevelsesrikt og spennande blir det i alle fall. Paulus står i fokus. Me skal følgje denne spennande personen på vegen. Han som gjekk frå å hata alle kristne til å vere den som danna flest kyrkjelydar rundt i heile verda. Me skal ha to samlingar i Eidfjord og leir på Bu. Leiren blir avslutta med ei gudsteneste på Bu Grendahus 10 mai kl 1100.

**Dato: Samlingane onsdag 15.04. kl. 14.15–15.30 /
tysdag 28.04. kl. 14.15–16.30
Leir 08.–10. Mai**



16–18 ÅR: MYSTERIET I GAMLEKYRKJA – EIT LITT ANNLEIS «DINNERPARTY»

Dette er eit nytt tiltak til alle som likar krim, spenning og god mat. Det blir festmiddag i Gamlekyrkja, men dette er ikkje eit vanleg dinnerparty. Nei, me går tilbake i tid - til middelalderen. Den gongen kyrkja var katolsk og var styrt av biskopen. Biskopen var ofte på gjennomreise og stoppa i Eidfjord. Denne dagen i juni kjem han altså på besøk i Eidfjord med eit heilt reisefølgje, og har invitert til festmiddag. Ikkje alle i reisefølgje har reint rulleblad. Det er nokså tvilsame folk han har med seg. Biskopen ber òg på ein hemmelegheit. Når noko kriminelt skjer under middagen, har plutsleg alle festdeltakarane eit motiv. Kven var det?

Dato: laurdag 13.06. kl. 19.00

OVERSIKT TRUSOPPLÆRING

Månad	Dag	Tid	Barne- og ungdomsarbeid
April	01.04.20	10:30	Påskesamling Småbarnskafé
	02.04.20	16:15	Minikyrkje
	15.04.20	14:15 -15:30	Naturkulsamling (6.-8. klasse)
	17.-19.04.20	Minikonfirmantleir i Sætervika	
	26.04.20	14:15 – 16:30	Naturkulsamling (6.-8. klasse)
Mai	08.-10.05.20	Naturkulleir (6.-8. klasse)	
Juni	10.06.20	10:30	Sommaravslutning Småbarnskafé
	11.06.20	16:15	SommarMinikyrkje
	13.06.20	19:00	Mysteriet i gamle kyrkja – eit litt annleis dinnerparty (16-18 år)

T10 I ULVIK-KYRKJA 9. FEBRUAR

Ungar og ungdommar skaper alltid liv og hygge når dei er heidersgjester i kyrkja. No når Ulvik har fått barne- og ungdomsarbeidar, skjer det meir for born og unge i og rundt kyrkja. Jamvel sundagsskulen er på beina att.



Det har synt seg at mange har lyst å hjelpa til. Noko som gjer det både lettare og kjekkare for alle involverte. T10 tyder at det året borna fyller ti, får dei tilbod om å ta imot ei nytestamente frå kyrkjelyden. Jorunn, kyrkjelydsarbeidar, var til stades og delte ut nytestamente til dei fram møtte. Dei hadde øvd på ein song med rørsler. Som støtteundervisning til kyrkjelyden var songen på storskjerm.



Tiåringane fekk og oppgåver som dei skulle løysa i benken. Prostiprest Tom Sverre Tomren frå Bergen hadde liturgien. Han er lærar i teologi for studentar som skal verta prestar. Tomren har og undervist folk i fleire land i Afrika til dømes Marokko og Kenya, folk som arbeider i ulike kyrkjelege samanhengar.

Tomren hjelpte tiåringane med å finna fram i Nytestamentet. Han stansa ved Johannes 3,16, som ofte vert kalla for Den vesle bibelen: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Dette vart hovudbodskapen i preika: Det kjem ikkje an på oss, men at Gud har elska menneska fyrst. Den som blir møtt med kjærleik, får behov for å visa kjærleik tilbake. Slik får dei kristne lyst til å gjera det gode.

Presten fortalde og frå ein gong han delte ut biblar i eit afrikansk land. Ein mann ville ha ein bibel for å bruka sidene som sigarettpapir. Han fekk ein bibel med det kravet at han skulle lesa sidene før han laga sigarettar av dei. Det lova mannen. Lenge etter møttest dei att, og presten hadde spurt korleis det gjekk. Mannen svarta at då han kom til Johannes 3,16, så hadde lesinga verka så sterkt på han at han hadde stoppa der og blitt ein kristen.

Prostiprest Tom Sverre Tomren underviste tiåringane i å finna fram i nytestamentet.

Tiåringane klarte oppgåvene, men fekk ei ny lekse: I løpet av skuleåret skal dei lesa eit av evangelia. Han «truga» jamvel med lekse-høyring. Men det er lov å få hjelp av mor og far. Som ved all anna leksegjering er det både kontaktskapande og verd-fullt å gjera lekser i lag.

På galleriet sat som vanleg ein organist.

Kyrkjelyden klappa etter postludiet, for organisten har snart 60-årsjubileum på orgelkrakken i Ulvik kyrkja. Han har vore tilsett fast, men i seinare åra har Daniel Hydle alltid trødd til når Ulvik har mangla organist. Det høyrest ikkje ut til at han har problem med «å finna den rette tonen» korkje på den eine eller andre måten!

Tekst: Steinar I. Bergo, Foto: Steinar I. Bergo og Willemina van Manen



Daniel Hydle. Han har funne dei rette tonane i 60 år!



Begge foto: Willemina van Manen.

OPPVARMING

Før utdelinga av kyrkjeboka hadde det vore ei samling av born på kyrkjekontoret. Her var det full konsentrasjon om arbeidet. Veldig kjekt at så mange kjem, både av unge og eldre!

KONFIRMANTLEIR 2020

40 konfirmantar frå Eidfjord, Ulvik, Kinsarvik, Lofthus og Jondal var med på årets konfirmantleir.



Første kvelden kom Gunnar Kartveit frå Kirkens Nødhjelp for å inspirere konfirmantane til fasteaksjonen. Me fekk høyra kva pengane gjekk til og fekk tips korleis ein går rundt med bøssene. Etterpå fekk konfirmantane ein smak på kor urettferdig verda er og kor avhengig det er i kva land du er født til i korleis ein lever. Me spelte «Handelsspillet» frå Changemaker.

På laurdag blåste vinden bokstavleg talt bort vårt planlagde program. Den tradisjonelle skituren til Kvamskogen vart ikkje

mogeleg, fordi skitrekket var stengt på grunn av sterk vind. Likevel fekk me ein kjekk dag på Sætervika – med mykje moro, leik, ballspel og film.

Leiren blei avslutta med ei gudsteneste. Alle konfirmantane har bidrege til gudstenesta. Trøtte, men fornøgde sette me oss i bussen heimover.

Takk for ein kjekk helg.

ÅRSMØTEGUDSTENESTE I ULVIK KYRKJE

Fyrste mars var det gudsteneste ved Jostein Skutlaberg i Ulvikyrkja. Ein liten gut vart døypt. Han heiter Olian og tok oppstyret med ro og full kontroll. Kanskje fordi familien stilte så godt opp, og skapte høgtid både for han, slekta og kyrkjelyden.

Mange var kledde i bunad med ulik stadtilknytning. Presten tala til alle, men mest til den nye medlemmen. Somme påstår at det ikkje finst noka gløyming, men skulle hovudpersonen ha bruk for repetisjon, så får fadrane hjelpa til!

Etter gudstenesta var det årsmøte og kyrkjekaffi. Leiar i Ulvik sokneråd, Knut Nes, leia årsmøtet og gjekk gjennom årsmeldinga. Meldinga er på heile sju sider. Noko som viser at mykje har skjedd i 2019 og fram til no. Nokre stikkord er: Nytt toalett, vasking av kyrkja til kong Harald kom på vitjing, arbeid kring kyrkja, oppussing av kyrkjekontoret, stemming av orgelet, glasplate på altaret, skifte til mindre straumkrevjande lyspærer og tilsetjing av trusopplærar. Det siste har ført til at m.a. søndagsskulen har starta opp att med god hjelp av frivillige foreldre.

Soknerådsleiar Knut Nes gjekk gjennom årsmeldinga

Dei vanlege tilskippingane som konfirmasjon, utdeling av fireårsbok og Nytestamente til 10-åringane har vore gjennomførde. Dette året var det og konfirmantjubileum.

Ulvik og Eidfjord har starta samarbeid om kyrkjebladet etter at Granvin gjekk ut. Meir om dette siste og elles nemnde stikkord finn du meir om andre stader i dette bladet.

Sjølv om heradet strammar inn, så er økonomien i balanse, ikkje minst takka kyrkjevevja som gjer ein del rekneskap me tidlegare måtte betala for. Dei som vil ha alle detaljar frå årsmeldinga, kan venda seg til kyrkje-kontoret eller soknerådsleiar for ein kopi!

Både under og etter møtet vart det servert kaker og kaffi, jamvel ei eplekake med kortreiste eple sååå lenge etter eplehausten.

Tekst og foto: Steinar I. Bergo



Soknerådsleiar Knut Nes gjekk gjennom årsmeldinga.

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-

Kontakt: Ulvik Bygdekvinne-
lag v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



FASTEAKSJONEN

Innsamlingsaksjonen vart i år gjord digitalt. Me vonar at folk støtta opp om å hjelpa naudlidande.
Du kan framleis hjelpa ved å nytta informasjonen under. Takk!




KIRKENS NØDHJELP
actalliance

GJE EIT LIV MED VATN

Fasteaksjonen 2020 – 29.–31. mars

Ein ungdom som smiler fordi han har reint vatn på kanna.
Takk for di hjelp!



FOTO: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

Kirkens Nødhjelp sentralt:

Tlf: 22 09 27 00 Åpent: 09:00-15:00

E-post: giver@kirkensnodhjelp.no

Nødhjelpskonto for Øst-Afrika: 5005.22.10035

Nødhjelpskonto for Syria: 1602.40.26535

Gavekonto: 1594.22.87248

Vipps: 2426

Pengane i år går til å skaffa reint vatn til folk. SMS med kodeord GAVE til 2426 (200,-).

Sjå Fundraising for Fasteaksjonen på Facebook!

Som dagane går...

Døypete

Døypete i Ulvik

Olian Ohnstad

Døypete i Eidfjord

Ola Ekran

Anna Læg Reid

Johanne Lygre

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Maria Vestrheim fødd: 1939

Hans Torbjørn Lindebrekke fødd: 1940

Karen Øydvin fødd: 1942

Gravlagde i Eidfjord

Hanne Hellevang fødd: 1952

Sergio Anselmo fødd: 1937

Alfhild Villand Hakestad fødd: 1937

Leif Nikolai Hereid fødd: 1942

Solveig Liseth fødd: 1932



Dette sende familien Ohnstad til kyrkjebladet!

GRAVFERDSTENESTER

i Ulvik og Granvin

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)

- lysingar, gravferdssongar,

og andre praktiske ting med papirer og

seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider

på tlf. 56 52 64 47

mob. 952 10554 / 952 13375

priv. 56 52 62 03

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørende,

keransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

Smith - Granvin - tlf. 952 10 554



MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

joker
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533

**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
05.04.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste. NB! Pensjonistleiren er avlyst grunna coronakrise.
09.04.	20:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste Skjærtorsdag
12.04.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Høgmesse 1. Påskedag
24.04.	18:00	Fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
03.05.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon. Ny dato vert kunngjord seinare.
17.05.	09:30	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
07.06.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Familiengudsteneste/Tårnagenthelg
09.06.	20:00	Tysdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste. Stiftsmøte.
28.06.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
12.07.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
29.03.	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste. (Kan verta avlyst).
09.04.	18:00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste Skjærtorsdag
12.04.	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Høgmesse 1. Påskedag
30.04.	18:00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Samtalegudsteneste
03.05.	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
10.05.	11:00	Sundag	Bu grendahus	Gudsteneste
17.05.	11:00	Sundag	Eidfjord gamle kyrkje	Familiengudsteneste/Tårnagenthelg
14.06.	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste. Stiftsmøte.
28.06.	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

DET KAN KOMA ENDRINGAR I DEN OPPSETTE GUDSTENESTELISTA OG PLANLAGTE ARRANGEMENTA.

Du kan no bruka Vipps ved ofringa i Gudstenestene i kyrkjene.
Ulvik send til Vippsnummer: 125390 | Eidfjord send til Vippsnummer: 127865